# Merknadsskjema – Offentleg ettersyn

| | |
|---|---|
| **Plannamn** | Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen |
| **Arealplan-ID** | 1263-201701 |
| **Saksnummer** | 15/2147 |
| **Utarbeida av** | Lindås kommune, planavdelinga |
| **Sist revidert** | 11.oktober 2019 |
| | |

## Rådmannen sin tilråding til endringar basert på innkomne innspel – til handsaming i PMU og Kommunestyremøte 15. oktober 2019, Førebels versjon kl 13:00 14.oktober 2019

| Nr. | Avsendar | Hovudpunkt i merknad/uttale | Kommunen sin kommentar | Endringar | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | Kart | Føresegner | Planskildring |
| PRIVATE INNSPEL, INKLUDERT LAG OG ORGANISASJONAR, BEDRIFTAR M.M. | | | | | | |
| 1 | Magnus Aase<br>Gbnr.140/10<br>Dato 01.07.2019 | 1. Jeg har i dag mottatt papirer ang parkering på Erstadfjellet. Å gi eller selge eiendom blir ikke aktuelt. Jeg er sterkt i mot dette. […]Jeg vil sette meg sterkt i mot enhver form for utbygging. | 1. Rådmannen rår til at innspelet vert teke til følgje. Arealet avsett til parkering på Erstadfjellet SPA 1 vert teke ut av planen. | | | |
| 2 | Advokatfirmaet Hammervoll Pind AS v/undertegnede representerer Eiendomsvurdering AS<br>Gbnr. 134/78<br>Dato 18.06.2019 | Viser til innspill sendt til planarbeidet<br>Vår klare vurdering er at innspillet knyttet til eiendommen gnr. 134 bnr. 78 ikke er vurdert konkret, men som en del av et større område.<br>1. Det er ikke fremsatt et ønske om at hele området avsettes til boligformål, men kun for denne konkrete eiendommen, som allerede grenser til det eksisterende boligfeltet i området og er tilbaketrukket fra vei. Eiendommen er heller ikke en naturlig del av den sammenhengende grønne | 1. Eigedommen ligg i eit område satt av til fritidsbustad. Bakgrunn for at heile området vart vurdert endra til bustad er at det ikkje er ønskeleg å endre enkelttomter til bustad i eit område for fritidsbustader. Eigedommen ligg innanfor funksjonell strandsone. Sjølv om det ligg busetnad mellom eigedommen og sjøen, er den vurdert som viktig i forhold til landskapsrommet knytt til sjørealet. Etter vår vurdering vil endring frå fritidseigedom til bustad medføre ei auka utnytting av eigedommen, både med omsyn til bygningsvolum og terrenginngrep.<br>2. Krav til medverknad i planprosessar er nedfelt i plan-og bygningslova. I denne planprosessen er det invitert til 2 opne informasjonsmøter, 2 opne kontordagar og gjennomført barnetåkk på skulane innanfor planområdet, i tillegg til varsling av planarbeid, høyring og offentleg | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | lommen mellom sjø og boligbebyggelsen. Mellom eiendommen og sjø er det i dag eksisterende bebyggelse. En eventuell utbygging på eiendommen vil derfor ikke ligge eksponert for innseglingen, slik kommunen argumenterer for at det vil gjøre. I tillegg vil tomtens størrelse ikke tilrettelegge for en massiv utbygging slik kommunen viser til. Det henvises for øvrig til innspillet i sin helhet som følger vedlagt.<br><br>2. Etter dette mener jeg å ha synliggjort at kommunens argumentasjon ikke er treffende for den aktuelle eiendommen, og at vi ikke kan se at høringsinnspillet har fått en reell behandling. Krav til medvirkning i planprosessen er ikke ivaretatt.<br><br>3. På vegne av grunneier av gnr. 134 bnr 78 kreves derfor at eiendommen blir behandlet konkret og tas med videre i vurderingen, samt at det blir en del av konsekvensutredningen som skal gjennomføres i forbindelse med rulleringen. | ettersyn av planframlegget.<br>Området ligg i innseglinga til Indre Farlei, eit område som av Riksantikvaren har fått status som Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA). Indre farlei er lagt inn i planen som omsynssone kulturmiljø.<br>Krav til medvirkning i planprosessen er ivaretatt.<br>3. Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje<br>Innspelet vart silt vekk i grovsilinga og vert ikkje teke inn i planen.<br><br>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget. | | | |
| 3 | Alvidra IL<br>v/ Tore Kruger, leder<br>Dato 22.08.2019 | 1. I Alversund er dagens idrettsanlegg som svømmebasseng, fotballbane og ballbinge kommet inn under areal som er satt av til sentrumsformål. Vi ser at i planbeskrivelsen er det beskrevet at idrettsanleggene skal videreføres. Vi ber om at det blir nedskrevet at nevnte idrettsanlegg ikke kan fjernes før nye anlegg er på plass.<br>2. Vi savner også areal til fremtidige | 1. Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje<br>Utvikling av sentrumsområdet i Alversund bør ikkje heftast av rekkjefølgjekrav som hindrar utvikling. Lokalisering av idrettsanlegg må sjåast i eit Alverperspektiv.<br>2. Areal for framtidig fotballbane vart forsøkt løyst i områdeplan for Alversund, høge kostnader og store terrenginngrep gjorde at løysinga vart skrinlagt. Loklisering av fremtidig areal til idrettsanlegg i Alversund må no sjåast i eit Alverperspektiv.<br>3. Sjå pkt. 2<br>4. Forbindelse frå kyststien til skulen er lagt inn i KDP, det vil være rom for å etablere ei rundløype/ aktivitetssti i | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | idrettsanlegg i Alversund. Vi vil anbefale at areal i nærheten av ny barneskole vurderes til dette og andre fremtidige behov. Viser her til Kommunedelplanen for idrett, aktivitet og fliluftsliv fra 2016, punkt 8c: «Det skal utviklast idrettsparkar med anlegg for dei største aktivitetane knytt til dei tre oppvekstsentra i kommunen»<br>3. Langtidsprogrammet (punkt 10 i samme planen) tilsier det skal bygges en 11 fotballbane i Alversund i fremtiden.<br>4. Turstier, i sammenheng med kyststien forbi ny barneskole: ber om at det blir satt av areal til tilknytningsstier fra skolen, gjerne kombinert med aktivitetssti/ rundløype i området rundt skolen, der man kan sette av plasser foraktiviteter som badminton, frisbeegolf, treningsapparater, grillplasser etc. Dette er også beskrevet i Kommunedelplanen for idrett, aktivitet og fliluftsliv fra 2016.<br>5. Vi vil også støtte forslaget fra Alvermarka og Ikenberget Velforening om gangvei mellom Kvamsvåg og Galteråsen langs Tveitavannet, men vil da også gjerne kombinere med rundløype rundt Tveitavannet som vil gi en flott tur/treningsløype og bedret adkomst for bading og eventuelt skøyter og aking i bakkene rundt vannet om vinteren. Dette vil også bli en fin tilknytnig til skogstier i Tveitvarden/Erstadfjellet områder. | gjennomføring av tiltaka.<br>5. Innspelet vert teke til orientering. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 4 | Kenneth Aase for Liv Ones Aase<br>Gbnr 137/266<br>Dato 14.08.2019 | 1. Det anføres at kyststiens fase 1 for delområde 5 må utredes ytterligere da den vil medføre betydelige ulemper for gnr. 137, bnr.266. Traseen for kyststi er lag forbi denne eiendommen med verst mulig konsekvens for uteområdet og fremtidig uteoppholdsareal. Den ødelegger den mest verdifulle delen av hagen for planlagt bolig på eiendommen. Dersom alternativ trase på nordøstsiden av eiendommen benyttes kan den knyttes inn på eksisterende sti nordvest for eiendommen., oransje markering (vedlagt kart) | 1. Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje. Kyststien skal detaljregulerast, traseval og detaljerte løysingar vert avklart i reguleringsprosessen. Gjennom reguleringsprosess vert medverknad sikra. | | | |
| 5 | Arkoconsult AS på vegne av Siv og Lars Torgeir Henanger<br>Gbnr. 137/150.<br>Dato 19.08.2019 | 1. Grunneierne ønsker med dette å gjøre oppmerksom på at det i forslag til ny kommunedelplan ikke er lagt til rette for adkomst til gbnr. 137/150. De internveier som er vist i illustrasjon til ny veiløsning er primært rettet mot boliger i direkte tilknytning til Kyrkjevegen i nordøst. Slik situasjonen er i dag, har ikke denne tomten direkte veitilknytning mot denne veien, noe som blir et problem dersom planen vedtas i sin nåværende form. Ber om at en i fremtidig planarbeid innarbeider tilstrekkelig adkomst også til gbnr. 137/150. | 1. Statens vegvesen skal detaljregulera ny Alversund bru med tilhøyrande vegnett. Avklaring om vegtilkomst må gjerast i samband med reguleringsprosessen. | | | |
| 6 | Magnar og Grete Bleikli<br>Gbnr.<br>Dato 27.08.2019 | 1. Me registrerar at innspelet vårt, naustområde med omlag til naust med tilrettelegging for badeplass og opptrekk for båt, er fjerna etter konsekvensutredninga. Me ber om at innspelet blir vurdert takast inn igjen. | 1. Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje. Innkomne innspel har vore gjennom grovsiling, samt konsekvensutgreiing av vidareførte innspel. Det er ikkje opna opp for å vurdere nye areal etter 1. gangshøyring av planforslaget.<br><br>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 7 | Aud og Håvard Bjordal<br>Gbnr. 139/22 | 1. Eg ber derfor på nytt om at 139/22 og naboeigedommane vest for Kyrkjevegen vert førd attende til busetnad, altså får endra farge frå grøn til gul farge. Heilskapsomsyn tilseier at desse eigedommane må liggje i same kategori som eigedommane på andre sida av kommunevegen, slik det også var ved forrige kommunedelsplan for Alversund. | 1. Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje. Innspelet er silt vekk i grov-silinga. Omsyn til mellom anna Indre Farlei og funksjonell strandsone gjer at det ikkje er ønskeleg å endre arealføremål i området.<br><br>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget. | | | |
| 8 | Elisabet og Henning Knutsen<br>Gbnr. 137/168 | 1. Naustområde BAB1 er et allerede opparbeidet naustområde med 8 naustetomter der 5 av de er opparbeidet, en av de er påbegynt og to tomter i rest. Dette er i tråd med planprogrammet, med ønske om nausteområde med 8 eller flere nøst. Oppsummert så ønsker vi at reguleringskrav blir tatt bort på nøsteområde BAB1, og at det blir lagt inn som et område med opptil 8 naust.<br>2. Viser til høringsinnspill fra Harris Advokatfirma AS ved advokatfullmektig Cathrine Tvedt Lorentzen angående kyststi trase 3. Det er lagt inn to alternativer til kyststi, der trase 3 går gjennom nøstområdet BAB1. Deler av trase 1 er allerede opparbeidet i Alverneset, og er sikret i Kubbaleitet planen. Vi mener derfor at kyststien er sikret gjennom trase 1 og at det derfor ikke er nødvendig med reguleringskrav på naustområde BAB1. Det vil være urimelig med reguleringskrav der tre av disse nøstetomtene må påkoste reguleringsplan som ikke vil sikre kyststien og heller ikke andre forhold som skal sikres i en reguleringsplan. Det er ikke et | 1. Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje. Krav om reguleringsplan slår inn når det skal byggast meir enn 2 naust innanfor eit naustområde, i følgje innspelet ligg det til rette for at det kan byggast 5 naust til BAB1, det er behov for å sjå området i samanheng og få til heilskaplege løysingar. Dette vert best ivareteke i ein reguleringsplan.<br>2. Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje. Trase 3 vert ikkje teke ut av planen. Kyststien skal detaljregulerast, traseval og detaljerte løysingar vert avklart i reguleringsprosessen. Gjennom reguleringsprosess vert medverknad sikra. Forstudie for kyststien skal leggjast til grunn for reguleringsplanarbeidet, det er ikkje ønskjeleg å innsnevre moglege trasear i kommunedelplanen. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | område en kan etablere vei ned til naustene eller parkering da det allerede er et velfungerende etablert naustområde. | | | | |
| 9 | Byggmester Skare<br>Gbnr. 137/7 og 9<br>Dato 25. 08.2019 | 1. Innspelet gjeld nytt bustadareal. Kommunen har neppe handtert innspelet frå gbnr. 137 / 7 og 9 på ein fullgod måte.<br>2. Innsendt dokumentasjon er ikkje framlagt. Innspelet er lagt saman med innspel frå andre eigedomar med anna tilknytning til offentleg infrastruktur, og avvist med argument relatert til desse.<br>3. Den lokale stien/ turvegen gjennom Galteråsen vert ikkje berørt av innspelet.<br>4. Prosjektet omfattar 4 einebustader og 16 rekkjehus fordelt på 4 rekkjer med felles garasjekjellar under den eine. Feltet får tilkomst via krysset til Alver hotel og den gamle riksvegen. | 1. Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje. Innspelet på å leggje inn gbnr. 137 / 7 og 9 til bustad er vurdert både som eit enkelt innspel og sett i samanheng med øvrige bustadinnspel i området.<br>2. Det er rett at deler av vurderingane som er gjort i KU ikkje gjeld desse eigedommane isolert, men er ei samla vurdering av bustadinnspela i området. Det er allikevel fleire tilhøve som gjer at området ikkje vert lagt inn som bustad; eigedommane ligg i gul/raud støysone, område ligg tett opp til fremtidig næringsområde i Galteråsen, kommunen har stor bustadreserve i planperioden, stor høgdeskilnad ved Ekornbergen tilseier at ei utbygging vil kunne medføre store terrenginngrep, krysset med FV 565 har liten kapasitet, sjølv etter at krysset skal utbetrast<br>3. Det er rett at utbygging her ikkje treng å berøre stien.<br>4. Prosjektet viser ca 20 nye bueingar, bustadreserven innenfor KDP og nærområdet er stor, det er ikkje behov for å leggje ut nytt bustadareal i området i denne planperioden. | | | |
| 10 | Per Thorgersen<br>Gbnr. 137/288<br>Dato 27.08.2019 | 1. 2 planlagte traseer for kyststi langs strandlinjen over 137/288 som vist i plankartet kan ikke aksepteres av grunneiere. Det vises til dispensasjonssak 217/15 der det ble satt som krav at det ble gitt Lindås Kommune rett til å legge kyststi som vist i trasevalg for fase 1. Vi antok derfor denne saken som avgjort allerede for 4 år siden. Det er totalt uakseptabelt at Lindås Kommune går mot egne vedtak på denne måten. Kyststi kan for øvrig legges helt i | 1. Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje. Trase 3 vert ikkje teke ut av planen. Kyststien skal detaljregulerast, traseval og detaljerte løysingar vert avklart i reguleringsprosessen. Gjennom reguleringsprosess vert medverknad sikra. Forstudie for kyststien skal leggjast til grunn for reguleringsplanarbeidet, det er ikkje ønskjeleg å innsnevre moglege trasear i kommunedelplanen. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | strandsonen der den går over kommunal grunn og der det er atskillig mindre kostbart for kommunen enn at den skal gå over privat grunn der det ikke finnes gode estetiske løsninger. Det vises for øvrig til brev fra Advokatfirma Harris. | | | | |
| 11 | Gjøa Ese og Reidar Berntsen<br>Gbnr. 137/64<br>Dato 23.08.2019 | 1. Vi forstår godt behovet for ny bru og ein trygg og effektiv veg!<br>Vi har lite forståing for den føreslåtte rundkjøyringa. Det kan umogleg vere naudsynt med dette enorme beistet mitt i Alversundbygda, det er direkte øydeleggjande for heile bygda. Vi har kun eit flatt kart å halde oss til, men elende kan vi sjå føre oss!<br>Skal vi verkeleg prioritera nokre få minutt raskare kjøyring til/frå Knarvik opp mot folk og fe og livsverk, grøntareal, kulturminne trivsel og det rolige turområde og yndet fotomotiv, Den Indre Farleia.....????<br>Det finst andre måtar å dempe kjøyrefarten på enn ved hjelp av ei rundkj øyring !<br>Dersom rundkjøyring vert vald bør den få plass i området ved bruovergangen, på nord- eller sørsida av denne. Då kan ein sette av arealer som vert frigjort i samband med byggj ing av ny skule. Eksisterande vegar bør i størst mogleg grad nyttast, m. a. den «splintrandes» nye vegen i Kyrkjevegen.<br>Kyrkja i Alversund er eit kjent landemerke for sjøfarande, - lat det framleis vere slik!!!! | 1. Ny Alversund bru skal detaljregulerast, i denne prosessen vil utforming av brua, gjennomføring og detajer kring dei ulike utbyggingsfasane fastsetjast. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 12 | Hans Olav Evensen<br>Skarsvegen 293<br>Dato 14.08.2019 | 1. Håper at det ikke innvilges mer bygging langs fylksveg 404 før kvamsliane er trafikksikker for myke traffikanter. | 1. Dette er ivareteke i rekkjefølgjekrav knytt til fv 5476 (tidlegare fv 404) sjå føresegn 2.5.2 | | | |
| 13 | Aina Haugland Isdal<br>Gbnr. 185/5<br>Dato 27.08.2019 | **1.** Plankartet er nær umogeleg å lese, med arealføremål og omsynssoner oppå kvarande, me kan ikkje som grunneigar ta i vare våre interesser.<br>**2.** Arealføremål<br>a) Føresegnsområde #18 tas ut. Ved endring til omsynssone må tekst inkludere landbruks- og skogsdrift<br>b) LNF-spredt Bustad, sone kring bygningsmassen i tunet vert lagt inn der tiltak (utviding,nybygg..) kan gjerast i samråd med kulturminnemynde<br>c) Vedlegg «Grøntområdekart» burde nyanserast dei ulike arealføremåla omtale i planskildringa (pkt 2.1. 13) kjem ikkje fram i det heil og me ber om at «stiar» teikna inn på på innmark tas vekk.<br>d) Ta inn området for bustad i forlenginga av Juvikstølen 2 i tråd med tidlegare innspel.<br>**3.** Omsynssoner<br>a) Omsynssona som gjeld kommunal veg(postvegen) tas ut da førmålet som sona har som intensjon å ta i vare ikkje heng saman med korleis veglinja kan ha vore tidlegare og korleis busetnad og gardstunet fungerer. Viss omsynssona i det heile skal vere i plan må den reduserast til å gjelde | 1. Plankarta er utarbeidd i tråd med gjeldande kart- og planforskriften, dette medfører at kartet er lite lesbart for delar av områda. Planavdelinga i Lindås kommune kan produsere eigne kart som syner oversikt over dei ulike omsynssonene i høve til gruneigarane sine behov.<br>2. a)Vert ikkje teke til følgje, føresegnsområde #18 erstattar markagrensa i gjeldande KDP. Bruk av markagrensa er forbeholdt Oslomarka, ikkje lengre mogeleg å bruke andre stadar, pga endring av kart- og planforskriften. LNF blir ivaretatt av arealføremålet, føresegna til omsynssona er endra for å tydelegare ivareta omsynet til skog-og landbruksdrift, sjå<br>b)Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje. Viss ein endrar arealføremål, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.<br>c) Rådmannen rår til at innspelet vert delvis teke til følgje. Grøntstrukturkartet er eit overordna kart som illustrerer dei grønne områda og nye sammanhenger som er ønskjeleg å etablere. Stiar over innmark vert teke ut av kartet.<br>d) Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje. Viss ein endrar arealføremål, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget. Området for bustad er teke ut i grovsilinga.<br>3. a) Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje. Viss ein endrar omsynssona, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget. Omsynssone for den Trondhjemske postveg (H570_1) er lagt inn i planen etter samråd med Hordaland fylkeskommune og SVV.<br>b) Rådmannen rår til å delvis ta innspelet til følgje. Administrasjonen utarbeidar ny formulering av føresegn 4.1.5 Omsyn friluftsliv.<br>c)Rådmannen rår til å ikkje ta innspelet til følgje, stadnavnet som ligg i kartet er brukt. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | vegen og vegbreidda<br>b) Omsynssona H530_7 som gjeld friluftsliv vert endra til å prioritere skogbruk<br>c) Namnet på omsynssona, Indregardsfjellet er feil, og må rettast til Isdalfjellet<br>d) Me vil at dei regionale registreringa/ kartlegginga for Isdal som gjeld kulturmiljø vert lagt inn i plankartet. Det å ikkje gjere dette vil vere i strid med overordna føringar.<br>**4. Bandlegging E39.** Slik me har forstått sona er den for området Isdalstø – Åse ei dagsone. Det betyr at viss det nokonsinne skulle verte bygd veg vert det i utgangs-punktet i dagen, dette vere heilt øydeleggjande for gardsområde Isdal og Åse.<br>**5. Føresegnsområde**<br>a) #18er umogleg å identifisere i plankartet. Formuleringa er slik at det ikkje tillet tiltak eller fysiske inngrep som skal vere til hinder for tur- og friluftsliv. Som me har teke opp ovanfor ønskjer me at denne vert teken ut eller så må den i naudysnt grad omtale landbruk- og skogsdrift.<br>b) Det ser ut til at førsegnsområde har puffa ut den etter kvart innarbeidde markagrensa som me meiner var og er eit meir forståeleg og tydeleg omgrep. Både i ord og i kartet.<br>Også for #10 Kyststi er det uklart på kartet og krevjande å finne ut nøyaktig kva som er inkludert. Fleire av oss har naust eller naustetomter i Isdalstø eller Herlandsstøa. For #10 er det tilknytt lakserettar og oppheng for | d) Rådmannen rår til å ta innspelet til følgje. Omsynssone kulturmiljø er lagt inn i kartet i Isdal.<br>4. Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje. Det er Statens vegvesen som har definert bandleggingssona for E39, vi er einig i at den er svært omfattande i sentrale delar av kommunen og ser utfordringa for Isdal/ Åse. Avgrensinga er gjort med bakgrunn i at SVV er komme svært kort i planarbeidet og ikkje har innsnevra aktuelle trasear.<br>5. a) Rådmannen rår til at innspelet vert teke delvis til følgje, føresegna vert 4.4 vert endra i samsvar med 4.1.5<br>b)Markagrensa er ikkje lengre mogeleg å bruke i plan. Kyststien skal detaljregulerast, traseval og detaljerte løysingar vert avklart i reguleringsprosessen. Gjennom reguleringsprosess vert medverknad sikra. Forstudie for kyststien skal leggjast til grunn for reguleringsplanarbeidet, det er ikkje ønskjeleg å innsnevre moglege trasear i kommunedelplanen.<br>c)Ras- og skredsone er lagt inn etter pålegg frå NVE(motsegn)<br>6. Rapporten «HELSETILSTAND OG PÅVERKNADSFAKTORAR, mars 2016, Oversikts-dokument jamfør Lov om folkehelsearbeid § 5» er lagt til grunn for planarbeidet. Folkehelse er eit eige vurderingstema i konsekvensutgreiing, og fleire tiltak i planen er eit resultat av drøftig knytt til helsefremjande vurderingar. Ein overordna arealplan legg rammer for framtidig arealbruk. Deltaking og tilrettelegging for stadar der folk kan møtast er eit prioritert tema i planen. Sjå forøvrig uttale frå HFK vedr. folkehelse. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | laksenøter lands kyststripa til 185/1. #21 Kyststien. Av kartet ser det ut til at dette gjeld ein annan del av kyststien enn den som er knytt til våre areal.<br>c)H310 Ras og skredfare – er dette naudsynt på Isdalfjellet? Det skal ikkje byggjast bustader i området og i høyringsutkastet ligg det inne som omsynssone friluftsliv.<br>6. **Folkehelse og helsefremming**. Folkehelseloven seier at kommunen skal ha tilgjengeleg oppdatert og lokal kunnskap om ei rekke tilhøve som kan ha påverknad på innbyggjarane si helse og livskvalitet. Ein finn ikkje klart eller tydeleg noko som tydar på at Lindås kommune har slik oversikt basert på samansett regional og/eller lokal kunnskap. Utfordring med støy er stor på Isdal og belastninga vert liggjande i dalen, kaste fram og tilbake er oppleveinga. | | | | |
| 14 | Isdal Felles<br>Dato 27.08.2019 | 1. Det må produserast eit grunnlagsmateriale som er handterbart. Det mottekne materiale erikkje mogleg å tyde på ein meiningsfylt måte og me kan ikkje som grunneigar ta i vare våre interesser. Dette gjeld særskilt omsynsona friluftsliv og begge for landbruk<br>2. a) Omsynssona for friluftsliv over produksjonsskogen knytt til Isdalfjellet vert tatt ut (H530_7)<br>b) Føresegnsområde #18 tas ut eller tekst må inkludere ramme landbruks- og skogsdrift<br>c) LNF-spredt Bustad, sone kring bygningsmassen i tunet vert lagt inn der tiltak (utviding, | 1. Sjå pkt 1 i innspel 13.<br>2. a) Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje. Føresegna for omsynssona er endra for å betre ivareta omsyn til landbruk og skogsdrft. Sjå innspel 13 for pkt 2 b)-e).<br>3. Sjå innspel 13 a)-d).<br>c)Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke delvis til følgje. Føresegnsområde #18 har endra tekst.<br>4. a) Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje. Det er Statens vegvesen som har definert bandleggingssona for E39, vi er einig i at den er svært omfattande i sentrale delar av kommunen og ser utfordringa for Isdal/ Åse. Avgrensinga er gjort med bakgrunn i at SVV er komme svært kort i planarbeidet og ikkje har innsnevra aktuelle trasear.<br>b) Gjeldande plan ligg inne i KDP som føresegnsområde.<br>c)Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje, vert ikkje løyst i overordna plan. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | nybygg..) kan gjerast i samråd med kulturminnemynde<br>d) Vedlegg «Grøntområdekart» burde nyanserast dei ulike arealføremåla omtale i planskildringa (pkt 2.1. 13) kjem ikkje fram i det heil og me ber om at «stiar» teikna inn på innmark tas vekk<br>e) Ta inn området for bustad i forlenginga av Juvikstølen 2 i tråd med tidlegare innspel<br>3. a) Omsynssona som gjeld kommunal veg (postvegen)tas ut da førmålet som sona har som intensjon å ta i vare ikkje heng saman med korleis veglinja kan ha vore tidlegare og<br>korleis busetnad og gardstunet fungerer<br>b) Viss omsynssona i det heile skal vere i plan må den reduserast til å gjelde vegen og vegbreidda<br>c) Omsynssona H530_7 som gjeld friluftsliv vert endra til å prioritere skogbruk<br>d) Namnet på omsynssona, Indregardsfjellet er feil, og må rettast til Isdalfjellet<br>e) Me vil at dei regionale registreringa/kartlegginga for Isdal som gjeld kulturmiljø vert<br>lagt inn i plankartet. Det å ikkje gjere dette vil vere i strid med overordna føringar.<br>4. a) Bandleggingssona Isdal-Åse må endrast til å gjelde veg i tunell framfor dagsone<br>b) Gjeldande plan for tunellløysing mot Alversund må takast inn i planen, slik at det kjem fram at her fins fleire alternativ<br>c) Det må leggjast til rette for betre trafikksikkerheit ved | 5. a) Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje. Kyststien skal detaljregulerast, traseval og detaljerte løysingar vert avklart i reguleringsprosessen. Gjennom reguleringsprosess vert medverknad sikra. Forstudie for kyststien skal leggjast til grunn for reguleringsplanarbeidet, det er ikkje ønskjeleg å innsnevre moglege trasear i kommunedelplanen.<br>b) Byggegrensa er definert i gjeldande KDP, det er ikkje gjort ei ny vurdering av byggegrensa i planarbeidet.<br>6. a) Innspelet vert teke til orientering. Dette er i tråd med intensjonen med grønnstrukturkartet.<br>b)Arealet til næringsområdet er redusert etter 1.gangs høyring ved at det er lagt inn ei 25 m brei grøntkooridor langs brua, dette stykjar tilkomsten til friområdet frå sentrum.<br>7. a) Sjå innspel 13, pkt 6<br>c) Føresegn knytt til støy er endra i KDP, dette gjeld ved nye tiltak.<br>8. Bandleggingssona for E39 legg sterke føringar for utviklinga i området denne planperioden. Samstundes er det ein del andre tema og tilhøve som vert endra i planen som er viktige å få på plass, som td ny Alversund bru, oppdaterte føresegner og nytt næringsareal for verksemder som skal flyttast ut av Knarvik sentrum. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | bussstoppet/krysset på øvre Isdal. Kommunen bør fremje dette ovenfor regionale vegmynde.<br>5. a)Den alternative traseen som går over sjø (Fase 3) må endrast/takast ut.<br>b)Byggjegrensa må setjast slik kart/ føresegn at ein kan gjere lovlege tiltak etter gjeldande plan i Isdal kaiområde.<br>6. a)Temakart Grøntområder<br>Me meiner kartet burde vidareutviklast å vere grunnlag for ein samanfattande «grøntstrukturplan» for Knarvikområdet. Det er lite tilgjengeleg grøntareal att i Knarvik og alle desse bør sikrast mot nedbygging.<br>b) Urørte, tilgjengelege og samanhengande areal bør sikrast og eit godt eksempel på eit litt større areal som kunne leggjast litt til rette var arealet framfor Dampen ned mot løkta.<br>7. a) Folkehelse. Ein finn ikkje klart eller tydeleg noko som tydar på at Lindås kommune har slik oversikt basert på samansett regional og/eller lokal kunnskap. Grunnlag for å ta eit målretta og grunngjeve val knytt til tiltak er i så måte ikkje til stades. Det er mykje som er utgreidd, men grunnlagsdokumentet knytt til helse er eit av svært få som er lovpålagt. Det er slik sett ein mangel for å ta grunngjevne val i arbeidet med fysisk utforming av omgjevnadane. Det må utarbeidast oversikt for folkehelse i tråd med lova s<br>b) Utfordring med støy er stor på Isdal og belastninga vert liggjande i | | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | dalen, kaste fram og tilbake er oppleveinga. Me har i svært liten grad tillit til Statens vegvesen sine simuleringar av støy. Tidlegare vaks det kantvegetasjon i skråninga/fyllinga opp dalen og denne har tatt mykje av lyden/hjulstøy som me opplever vert kasta ut mellom underkant av autovernet og bakken.<br>8. Kommunikasjon og overordna infrastruktur. Isdal felles har tidlegare spelt inn at denne KDPen burde utsetjast til SVV er ferdig med sine utgreiingar. Vi ønskjer å gjenta dette, då det er svært vanskeleg å planlegga når så store areal vert bandlagde. Det er elles lagt inn tunnel frå Alversund til Isdal. Løysingane på trafikkproblema rundt Alversund bør revurderast og ein bør tenkje meir kollektivt og miljøvenleg og ikkje leggje opp til meir trafikk. | | | | |
| 15 | Lars Øyvind Hillestad<br>Gbnr. 137/19<br>Dato | Ber om at LSN 4B vert justert som vist på vedlagt kartvedlegg.<br>LSN 4B er eit område for jordfylling for videre å fulldyrke arealet til grasproduksjon.<br>Ønskjer å justere arealet som vist på kartvedlegget, for å få ein betre tilpassing av prosjektet til terrenget.<br>Arealet er også svært blaut her, og dyra set seg fast i myra, for to år sidan drukna ein kalv her, og i år har to dyr satt seg fast her. Forsøk på grøfting har vore nytteslaust.<br>Ved å justere LSN 4B som vist på kartvedlegg, vil eg få bukt med problema som kan skade dyra, samt at heile prosjektet vert mykje betre tilpassa inn i terrenget. | 1. Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje. Arealet vart redusert etter innspel frå VA-avdelinga i Lindås kommune fordi det låg i konflikt med hovedvassleidninga.<br><br>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 16 | Tove Emilie Baldysz<br>Dato 27. 08.2019 | 1) Knarvik sentrum. Det er planlagt 2000 boenheter i Knarvik sentrum. I den forbindelse må en planlegge mye bedre enn det som er gjort tidligere. En bør sette seg ned med de berørte parter og finne gode løsninger for å få til et godt og praktisk sentrum i Knarvik.<br>2) Naturområdet rundt Lonena, viser til kartlegging av kor mange som bruker området rundt Lonena. Slik jeg ser det, blir den planlagte utbyggingen som nå legges ut forhøring, en stor ødeleggelse av naturområdet rundt Lonena. Og det er ikke tatt hensyn til miljøet for de mange brukerne av naturområdet.<br>3) Det må flere undersøkelser til før en bestemmer hva som bør gjøres med Lonena. Derfor må saken utsettes til vi blir Alver kommune. Bygg ut i Knarvik sentrum først, og la Lonena ligge | 1. Utbygging av Knarvik sentrum er regulert i områdeplan for Knarvik som vart vedteke i 2015. Det er ei trinnvis utbygging som vil skje over mange år med mogeleg medverknad i ulike fasar.<br>2. Lonena ligg i områdeplan for Lonena som vart vedteke18.september 2019. Vekting mellom nye bustadområde sentralt i Knarvik og naturverdiar har vore gjennom ein lang og grundig prosess, før utbygging skal dei ulike delfelta detaljregulerast, dette gjev nye høve til medverknad og innspel til utbygginga.<br>3. Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje. Planprosessen for områdeplan Lonena har vore svært grundig. Lonena skal fortsatt være eit viktig rekreasjonsområde for innbyggarane i Alver kommune, saman med alle dei flotte tur- og friluftsområda som finns i heile kommunen.<br>Det er viktig at eit regionsenter og kommunesenter har nok bustadreserve. Knarvik og Lonena har ulik karakter og kan utviklast paralelt. Utvikling av Knarvik sentrum vil skje over tid med hovedvekta av leiligheter. I utvikling av regionsenteret Knarvik er det etterspurnad etter fleire bustadtyper td for barnefamiliar. Ikkje alle ønskjer å bu i sentrum heller. Dersom ein skal få til ei befolkningsauke sentralt i kommunen er det viktig å kunne tilby ulike bustadtyper, som passar for ulike livsfasar. Lonena er sentrumsnært og ligg tett inntil skule – og idrettsområde, det er ein viktig kvalitet med omsyn til barnefamiliar. | | | |
| 17 | Kåre Jordal<br>Dato 27. 08.2019 | 1. Framlegget til kommunedelplan viser at Gamle Tveiten skule m/tomt har fått endra formål frå offentleg til byggjeformål, noko som inneber at skuletomta kan seljast til private for utbygging og at eit av bygda sine få kulturbygg truleg vert borte. Dette vil vera eit tap av ein gamal og mogleg ny møteplass i Alversundbygda og vi ber derfor om at formålet vert uendra som no – offentleg - og at det vert lagt til rette for å ta vare på skulebygningen/deler av denne. | 1. Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje.<br><br>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 18 | Sidsel Lauvås, Brynjulf Alver, Skarsvegen 25, John Strømseng og Jorunn Litleskare, Skarsvegen 31, Sigbjørn Haustveit og Vibeke Heldal, Skarsvegen 1, Dato 26.08.2019 | Merknad til nytt areal til offentleg tenesteyting BOP1, bufelleskap i Skarsvegen<br>1. Svært lite tillitsvekkjande og uakseptabelt at vi som naboer og berørte intressentar i området overhodet ikkje er blitt informert om kommunen sine planar. Endra bruk vil vera i konflikt med nabolaget og tur/fritidsinteresser.<br>2. Grunneigarane har konkrete relevante forslag til alternativ lokalisering, som innfrir krava, og utan slike ulemper<br>3. Jordvern, svært stor interesse for eigedomen som ordinær småbruk- og LNF-eigedom. Generasjonsskifte og ung satsing i småbruk.<br>4. Vi ber derfor om at foreslått endring av gbnr 137/20, Skarsvegen 29 ikkje vert endra frå LNF til offentleg tenesteyting. | 1. Kommunen har forståing for at naboane er uroa for kva ulemper tiltaket vil medføre for dei. Ein del av momenta som er lista opp i merknaden vil kunne løysast ved ei god utforming av bufellesskapet og disponering av arealet på eigedommen som er 25 daa. Tilkomst til utmark og tilgang til turområde er funksjonar som må opprethaldast ved ei utbygging.<br>2. Det har vore ein prosess i fleire år for å finne lokalisering til bufelleskapet, ny lokalisering vil kunne forseinke byggeprosejketet ytterligare. Dette er ei brukargruppe som ikkje har eit fullgodt tilbod i dag.<br>3. Tanken med tomta er at det ikkje berre skal bli ein bustad, men å få til eit driftskonsept, med dagaktivitet, uteaktivitet, evt. husdyr (katt, høner og liknande). Bebuarane skal sysselsettast i den daglege drifta. Eigedommen på 25 daa, slik den ligg i dag har liten verdi som landbrukseigedom.<br>4. Rådmannen rår ikkje til at innspelet vert teke til følgje. | | | |
| 19 | Lihiba A/S v/ Lars Øyvind Hillestad<br>Alvervegen 37<br>5911 Alversund<br>Dato 26.08.2019 | 1. Me meiner det vil vera fornuftig å begrense næringsområdet mot aust til omsynsone friluftsliv, som er skravert på kartet. Området som er skravert som «omsynsone friluftsliv» er svært mykje nytta til friluftsliv og bør bevares<br>som nettopp det. Dette arealet ligg også svært mykje høgare i terrrenget enn resten av næringsarealet, og vil således føre til store synlege terrenginngrep, istadefor eit næringsområdet som meir tilpaser seg topografien.<br>2. I nord austre del av næringsarealet, smalner arealet ned i ein trekant. Ved å justere grensen til<br>næringsarealet ut til skravøren for «Omsynsone friluftliv», vil ein få | 1. Rådmannen rår til at innspelt vert teke til følgje, arealet som ligg i omsynssone friluftsliv vert teke ut av planen, dette er i samsvar med tilbakemelding frå fylkesmannen og HFK:<br>2. Rådmannen rår ikkje til at innspelet vert teke til følgje, viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | ein meir kvadratisk tomteinndeling, som vil gjera næringsarealet mykje større utnyttingsgrad enn ein «trekanta» tomt vil.<br>Med desse justeringane meiner me at næringsområdet får ein god arrondering og tilpassing til terrenget, samstundes som eit viktig friluftsområde vert bevart der topografien tilseier at nytteverdien som friluftsområde er høgare enn som næringsområde. | | | | |
| 20 | Oddbjørn Haukøy & Håvard Dale<br>Dato 27.08.2019 | 1. På vegne av undertegnede vil vi komme med følgende innspill.<br>«Endre Vestre Radtangen fra LNF til Boligområde»<br>Alver Kystlandsby vil ligge ved porten av den indre farleia, Vest av Hilland feltet som et nytt og spennende<br>maritime boligfelt med unike bo og fritidsopplevelser.<br>Ved Alver Kystlandsby skal det være småbåthavn, kaianlegg, molo, aktivitets arenaer, restauranter og<br>almene rekreasjonsområder.<br>Vestre Radtangen er svært sentralt både langs landeveien og sjøveien. Den maritime arenaen vil tiltrekke seg tilreisende så vel som fastboende som ønsker nærhet til sjø. Det vil kunne bli en naturlig inngangsport<br>til vakre Nordhordland langs sjøveien. Her seiler Hurtigruten forbi og vil bli en populær plass for dagsturisme langs sjøen fra Bergen by & omegn.<br>Presentasjon av Alver kystlandsby er vedlagt innspelet. | 1. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Har vore opna opp for å gje konkrete arealinnspel med høyringsfrist 9. mars 2018. Innkomne innspel har vore gjennom grovsiling, samt konsekvensutgreiing av vidareførte innspel. Det er ikkje opna opp for å vurdere justering av arealføremål etter 1. gangs høyring av planforslaget.<br><br>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 21 | Harald Sagstad<br>Gbnr. 137/7<br>Dato 27.08.2019 | 1. Viser til tidlegare innspel for areal ved Ikenberget. Ønsker arealet til bustadføremål.<br>2. Nytte delar av «gamlefjøset» til å selje produkt frå eigen gard. | 1. Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje, det er silt ut i konsekvensutgreiinga(KU). Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.<br>2. Innspelet er med i planframlegget, ligg som LNF spreidd næring i LNS 5A | | | |
| 22 | Peter Lundin<br>Gbnr. 137/292<br>Dato 08.08. 2019 | 1. Har fått meg opplyst om at i KDP så står tomt 137/292 fortsatt som delvis LNF, dette er feil, tomta er i sin helhet regulert til industri formål i dag. Ber om at dette rettes opp i, så at det blir rktig i KDP. | 1. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget. Arealformålet som ligg i reguleringsplanen er gjeldande. Oppdatering av arealføremål må gjerast i seinare rullering av plan. | | | |
| 23 | Harris advokatfirma<br>På vegne av grunneigarane av Gbnr. 137/484, 703, 168, 660, 173, 198.<br>Dato 27.08.2019 | Innspelsbrevet inneheld foto og illustrasjonar som illustrerer dei følgande punkta.<br><u>Fase 3 i delområde 5 av kyststien</u><br>1. Fase 3 av Kyststien må takast ut av framlegget. Fase 3 vil vere dyrt for kommunen og gje ulemper til grunneigarane. Konsekvensane er ikkje utgreia i planframlegget.<br>2. Planskildringa peikar på at fase 3 vil vere dyrt å gjennomføre, men kommunen har ikkje presentert kostnaden med ekspropriering.<br>3. Fase 3 er plassert framføre fleire naust, og vil krysse eksisterande, lovleg etablerte brygger og båtslepp, slik at nausta ikkje kan nyttast som forutsatt.<br>4. Fase 3 vil vere til sjenanse for grunneigarar, då området er tettbebygd med bustadar, naust, kaiar osv. Fleire stadar går traseen innpå innmarka til eigedommane. Konkrete problempunkt er presentert i innspelsbrevet.<br>5. Viser til kommunen sitt vedtak 01.07.2015,byggesøknad på 137/288. Her tillet kommunen bygging av tillbygg og garasje i traseen til fase 3. kommunen argumenterer med at strandstien må endre trasé i høve plankartet på grunn av bratt terreng. Truleg må traseen flyttast bak | 1. Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje. Kyststien skal detaljregulerast, traseval og detaljerte løysingar vert avklart i reguleringsprosessen. Gjennom reguleringsprosess skal medverknad sikrast. Forstudie for kyststien skal leggjast til grunn for reguleringsplanarbeidet. Det er ikkje ønskjeleg å innsnevre moglege trasear i kommunedelplanen. Kommunedelplanen er ein overordna plan der det ikkje kan takast stilling til alle detaljar kring gjennomføring av prosjekta.<br>2. Sjå pkt 1.<br>3. Sjå pkt 1.<br>4. Sjå pkt 1.<br>5. Vurdering gjort i byggesak endrar ikkje trase for kyststi fastsett i gjeldande kommunedelplan.<br>6. Sjå pkt 1, vurdering vert gjort i reguleringsfasen<br>7. Å fjerne plankrav ville berre gjort det mogeleg å bygge 2 naust før plankrav ville slått inn, sjå føresegn 2.2.1. Viss ein tar innspelet til følgje, kan det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.<br>8. Fase 1 er billigare å gjennomføre for heile traseen, men dette vil også vere vesentleg dårlegare kvalitet med omsyn til at intensjonen er å ha ein kyststi skal gjev kontakt med sjø og kystlinje.<br>9. Å flytte stien frå ei strekning som har veldig gode kvaliteter før det er sett meir detaljert på mogeleg gjennomføring er etter ikkje ønskjeleg.<br>10. Topografi og landskap er viktige vurderingar som er gjort i fastsetjing av traseen, ikkje eigartilhøve.<br>11. Rådmannen rår til å ta innspelet til følgje.<br>12. Dette er detaljinformasjon som må vurderast heilskapleg ved detaljregulering.<br>13. Sjå pkt 7. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | bustadhuset.<br>6. Ser ikkje korleis fase 3 kan ta i vare landskapsbiletet. Viser til pbl § 1-8, omsynet til landskapet er eit *særleg omsyn* som skal takast i vare ved planlegging av tiltak i strandsona.<br>7. Ber om at eksisterande naustområde vidareførast med naustføremål utan plankrav.<br>8. Trasé for fase 1 i delstrekning 5 vil gje færre ulemper for grunneigarar og vere billigare for kommunen.<br>9. Kyststien er teikna inn frå Knarvik til Alversund. Fase 1 er berre 400 meter. Å flytte ei så kort strekning av kyststien opp frå sjøen vil ikkje redusere verdien av tiltaket for allmennheita. Langs strekninga er det kun privatiserte areal, ingen friareal el.l. for ålmenta.<br>10. Kyststien er ved kommunale eigedommar plassert lenger vekk frå sjø til tross for at areala ved sjøen ikkje er bebygd.<br>11. Viser til dispensasjonen kommunen gav 01.07.2015, på vilkår av at det blei gitt ein tinglyst rettigheit for plassering av kyststi på eigedommen i samsvar med innsendt kart, på baksida av. Forutsetter at kommunen endrer traseen over 137/288 slik at den er i samsvar med traseen som blei avtalt i 2015, og som kommunen har tinglyst rettighet til å anlegge.<br>12. Fase 3 av delstrekning 5 vil gjere det utfordrande/ umogleg å bygge nausttomtene som er satt av i kdp.<br>13. Ikkje naudsynt med plankrav for BAB1. Areala rundt naustområdet er allereie utbygd og privatisert. Infrastruktur er på plass, og naustområdet er allereie sikra parkeringsplassar. Ein planprosess vil derfor ikkje belyse byggesakene meir. Lindås kommune har tidligere, ved handsaming av | | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | byggesøknadar innanfor naustområdet, sagt seg enig i at regulering av naustområdet ikkje vil tilføre byggesaken noko nytt. | | | | |
| 24 | MDG Alver<br>Dato 27.08.2019 | 2.1.5 <u>Bustad</u><br>1. Viser til side 11 og 12 i kdp; bustadreserven i kommunen er større enn behovet i høve folketalsprognosar. Hovedvekta av bustadreserven ligg i dei sentrale delane. Totalt er bustadarealet redusert med ca. 25 daa i høve gjeldande kdp.<br>Viser til SSB sin folketalsprognose. Forventa folketalsauke i Lindås kommune er 2472 personar i perioden 2019-2040. Med den planlagte forteittinga på 2000 bustadar i Knarvik sentrum, er det ikkje behov for nytt bustadområde i Lonena.<br>MDG Alver vil at heile arealet som er planlagt til bustadar i Lonena rundt Brekkeløypa blir omgjort til LNF-område i kdp.<br><u>2.1.13</u><br>2. I Knarvik har ein tilgong på nærnatur, særleg i Brekkeløypa og Lonena. Området er mykje brukt til tur og rekreasjon fol lokalbefolkinga.<br>MDG Alver vil at omsynet til å oppleve friluftsliv, rekreasjon og stillheit i naturen i Knarvik-området må vektleggast mykje sterkare i kdp. | 1. Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje. Knarvik er region- og kommunesenter. Arealreserven til bustad er, som det vert påpeikt i uttalen, høg. Folketalet i Knarvik er førebels lågt, ei berekraftig utvikling av regionsenteret forutsett at fleire busett seg i Knarvik. Lonena er sentrumsnært, og saman med dei planlagte bustadane i Knarvik sentrum ligg det til rette for ei ei berekraftig utvikling av regionsenteret der innbyggarane kan bu med korte avstandar til daglege behov. Områdeplan for Lonena er nyleg vedteke, kommunedelplanen vil ikkje overstyre ein ny reguleringsplan.<br>2. Nærnatur er ein viktig kvalitet som planen søkjer å ivareta, med omsynssone friluftsliv, sammanhengande grøntdrag, kyststi og fokus på å styrkje forbindelsen frå Knarvik endå tettare til naturområda rundt. | | | |
| 25 | Norconsult AS v/ Astrid Rongen på vegne av Rognaldsen eiendom<br>Dato 26.08.2019 | 1. Alverstraumen kai er avsett til næring i nytt framlegg til kdp. Har sendt inn planframlegg av reguleringsplan til 1. gongshandsaming i januar, der same areal er framlagt til bustadføremål. Kommunen har gått inn for føremålet ved oppstart. Reknar med dette er ein glipp og at det vert retta opp i vidare prosess. Sakshandsamar er Ole Martin Bolset, Meland kommune. | Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje.<br><br>Har vore opna opp for å gje konkrete arealinnspel med høyringsfrist 9. mars 2018. Innkomne innspel har vore gjennom grovsiling, samt konsekvensutgreiing av vidareførte innspel. Det er ikkje opna opp for å vurdere arealendring etter 1. gangs høyring av planforslaget.<br>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget. Ei 2. gongshøyring vil forseinke vedtak av planen. Det er eit sterkt ønske at planen vert vedteken i Lindås kommune. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 26 | Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS<br>Gbnr. 188/5<br>Dato 26.08.2019 | 1. For det meste nøgde med plankartet.<br>2. Ønsker ei avklaring for Gjervikflaten, som er disponert til næringsområde, BN3. Kjøpte eigedommen vår i 2012/2013 med mål om å etablere hagesenter på Gjervikflata. Søkte om oppstart reguleringsplan. Vart ikkje gjeve løyve til, i påvente av ny revisjon av kdp. I planframlegget er det lagt ei bandlegginssone (H710) over eigedommen, for å gje Statens vegvesen (SVV) tid til eit endeleg traséval for ny E39. Dette forskyver planane og bygging av nytt hagesenter mange år fram i tid.<br>3. Eitt av områda som er tilrådd utgreid vidare går gjennom Gjerdvik med halvt kryss i Knarvik og halvt kryss i Gjervik, jf. silingsrapport utarbeidd av SVV. Side 33 er det vist korleis nye E39 kan etablerast. Utifrå materialet vil ikkje Gjervikflata bli særleg råka. Oppmodar Lindås kommune å oppklare situasjonen på Gjervikflaten, i samarbeid med SVV. Viktig for underteiknande å få ei snarleg avklaring, slik at verksemda kan flyttast til tenelege lokale og utvikla seg vidare. Og for at andre verksemder i Knarvik kan flytte til Gjervik, jf. sentrumsplanen.<br>4. Viser til innspel datert 09.03.19. Ønsker at bustadområdet austover mot Gjervik vert tatt med. Området er tilgrodd og dels bratt. Ikkje eigna som turområde. Kulturlandskapet frå kaien i Gjervik oppover dalen er eigna som turområde m.m. | 1. Vert teke til orientering<br>2. Båndleggingssone for E39 er fastlagt av Statens vegvesen, avklaring vert gjort i samband med KDP for E39.<br>3. Lindås kommune har i planprosessen arbeidd tett opp mot Statens vegvesen for å kunne leggje til rette for næring mellom anna i Gjervik.<br>4. Vert ikkje endra i denne planrevisjonen. Har vore opna opp for å gje konkrete arealinnspel med høyringsfrist 9. mars 2018. Innkomne innspel har vore gjennom grovsiling, samt konsekvensutgreiing av vidareførte innspel. Det er ikkje opna opp for å vurdere arealendring etter 1. gangs høyring av planforslaget.<br><br>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget. Ei 2. gongshøyring vil forseinke vedtak av planen. Det er eit sterkt ønske at planen vert vedteken i Lindås kommune. | | | |
| 27 | Karen Tvedt<br>Totlandsvegen 472 e,<br>5226 NESTTUN<br>Dato 25.08.2019 | 1. Ønser at byggegrensa ved g/bnr. 139/85, 96 justerast nedanfor eigedommane (sjå kart i innspelsbrev), slik at det er mogleg å gjere vanleg vedlikehal og tiltak på eigedommane | 1. Rådmannen rår til at innspeltet ikkje vert teke til følgje. Har vore opna opp for å gje konkrete arealinnspel med høyringsfrist 9. mars 2018. Innkomne innspel har vore gjennom grovsiling, samt konsekvensutgreiing av vidareførte innspel. Det er ikkje opna opp for å vurdere justering av byggegrense etter 1. gangs | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | utan å søke dispensasjon. Står eit bygg frå1930-talet på 139/185, som har behov for vedlikehald. Utfordrande å halde det ved like når det ligg innanfor byggegrensa.<br>2. Ønsker begge eigedommane omgjort til LNF spreidd fritidsbustad, etter dagens bruk. | høyring av planforslaget.<br>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget. Ei 2. gongshøyring vil forseinke vedtak av planen. Det er eit sterkt ønske at planen vert vedteken i Lindås kommune.<br>2. Sjå punkt 1. | | | |
| 28 | Per Erik Tvedt<br>Skarsvegen 95<br>Dato 07.08.2019 | 1. Vi ser at det er økende trafikk på FV 404 som går gjennom Nedre Tveiten i Alversund. Det er et stort antall personer/barn som benytter eksisterende gang og sykkelvei til og fra skule i tillegg til fritidsaktiviteter/tur. Fra Kvamme til skulen i Alversund må ein kryssa veien fleire ganger. Ved etablering av ny skule og infrastruktur i Alversund området vil behovet for trafikksikringstiltak for myke trafikanter forsterkes ytterligere. Det er 50 km/t som fartsgrensen, men en ser at denne ikke følges. Fartsreduserende tiltak bør også vurderes i forbindelse med ny kommunedelplan. | 1. Innspelet vert teke til orientering, fartreduserande tiltak er ikkje del av ein overordna arealplan, behov for tiltak må spelast inn til vegmyndigheitene. | | | |
| 29 | Liv Unneland og Stian Alver Henanger,<br>G/bnr. 137/14, 291 | 1. Erfaringar viser at ved så store prosjekt (Alversund bru og tunnel), kan føresetnadane verta endra undervegs. Tilrår at dei to prosjekta, bru og tunnel, vert sett frå kvarandre, dvs i første omgang med fokus på bru utan tunnel.<br>2. Tilrår at ein nyttar dei noverande vegløysingane lengst og mest mogleg.<br>3. Vegen på nedsida av kyrkja har fått ei standardheving i samband med Alver Brygge. Er derfor undrande til vegen nordover frå rundkøyringa. Lite areal, behov for økonomisering. Å ta vare på innmarka til 137/14 som ei grøn lunge etter at den nye Alversund bru er bygd, er viktig for utsynet frå Den Indre Farleia.<br>4. Vert vanskeleg å verte buande dersom | 1. Teke til orientering.<br>2. Teke til orientering. Veløysing vil vurderast og fastsettast ved detaljregulering.<br>3. Teke til orientering. Utsynet frå Den Indre Farleia vil takast omsyn til ved detaljregulering.<br>4. Det vil gjerast støyvurdering som skal liggje til grunn for reguleringa og tiltak.<br>5. Teke til orientering.<br>6. Teke til orientering. Omsyn til matjord vil vere sentralt ved detaljregulering.<br>7. Det er opna opp for at det kan gjerast tiltak på eigedommen utan detaljregulering, sjå føresegn 2.2.1.<br>8. Vegplan for ny Alversund bru skal leggjast til grunn for detaljregulering ny bru og veganlegg.<br>9. Teke til orientering.<br>10. Teke til orientering. Krav til medverknad er nedfelt i plan- og bygningslova.<br>11. Det vil være tema i gjennomføringsfasen av prosjektet | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | planen vert slik som i planframlegget. Vurderer å bli buande dersom det vert teke nok omsyn til støyskjerming m.v. i anleggsperioden og inntil fleire detaljar ved byggeprosjektet er klar.<br>5. Ridesenteret ligg midt i traseen og lyt fjernast og førast opp på ny, på alternativ tomt.<br>6. Viktig at nye vegar begrensast så mykje som mogleg med omsyn til matjord og framtidige generasjonar.<br>7. Positiv til det rådmannen og konsulenten skriv om eksisterande kvalitetar i Alversund. Bra at bensinstasjonen skal bli ståande og vidareutviklast som møteplass for bygda. At områderundt bensinstasjonen er endra til næringsareal, gjev oss handlingsrom på kort sikt. Området bak bensinstasjonen må derfor kunne nyttast utan å regulere heile senterområdet.<br>8. Ønskjer at desse positive kommentarane frå plandokumenta vert tatt omsyn til i det vidare planarbeidet.<br>9. Viser til konsulenten sitt sitat om at det kan vere hensiktsmessig å flytte bensinstasjonen på sikt. Kan tenke oss flytting av bensinstasjonen, dersom det skjer på ein så god måte som mogleg for å ivareta dei nedlagte ressursane og verdiane i verksemda.<br>10. Me skal vere løysingsorienterte ved vidare planprosess, men ber om å bli høyrt, respektert og teken med i planprosessane som kjem. Som grunneigarar har me lokalkunnskap.<br>11. Føreset naudsynt juridisk bistand og full økonomisk kompensasjon ved evt tap som måtte verta konsekvens av prosjektet.<br>12. Viser til framlegg datert 20/2-2018 om at garveritomta og nausttomta i | 12. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Arealinnspelet vart teke ut i grovsilinga. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Sjørvika vert disponert til nausttomter. Framlegg om nausttomter er tatt ut av plandokumentet. Ønskjer at garveritomta og nausttomta (137/14) blir tatt med som nausttomtar i kdp. Ein slik bruk er i tråd med planane for Den Indre Farleia, då tiltaka ligg i eit eksisterande naustområde. | | | | |
| 30 | Bjørn Johnny Wågenes<br>Gamlestøa 12<br>Bnr. 137-90<br>Dato 26.08.2019 | 1. Godtar ikkje planen for eigedommen vår, men er open for dialog om utvikling av området. | 1. Innspelet vert teke til orientering<br>Kyststien skal detaljregulerast, traseval og detaljerte løysingar vert avklart i reguleringsprosessen. Gjennom reguleringsprosess vert medverknad sikra. Forstudie for kyststien skal leggjast til grunn for reguleringsplanarbeidet. | | | |
| 31 | Alversund Grendalag v/<br>Thomas K. Fosse<br>Dato 26.08.2019 | 1. Forstår behovet for ny bru: viktig for å binde bygda saman, brua er eit kjent landemerke for Alversund, i tillegg skal gjennomgangstrafikkeneffektivt forbi.<br><u>Innspel til vegplanen</u><br>2. Rundkøyringa verkar noko dominerande i høve avkøyring på FV 656. At kyrkjevegen skal koplast på rundkøyringa vil kunne føre til stor auke i gjennomgangstrafikken via Prestebrekka til Skarsvegen. Vil vere negativt for innbyggarane her.<br>3. Ta omsyn til utsikt frå Den Indre Farleia. Alversund kjend for hellande og oversiktleg terreng frå hotellet, kjeksfabrikken, den nye gangbrua, Gabben, Kyrkja, spredt busetnad og naustmiljø. Mykje av dette vil truleg bli skjult av ei høg steinfylling tilhøyrande rundkøyringa. Alversund vil ikkje vere tent med det.<br>4. Gabben bensinstasjon: viktig møteplass og kjent landemerke i bygda. Viktig å sikre drifta både i og etter anleggsperioden. Viktig med lettvint av- og påkøyring frå fylkesvegen. | 1. Innspelet vert teke til orientering.<br>2. Korleis rundkøyringa vil påverke vegsystemet rundt, må vurderast ved regulering. Basert på trafikkvurderinga vil det gjevast krav om eventuelle tiltak med omsyn til framkome og trafikksikkerheit.<br>3. Fjernverknad frå Den Indre Farlei vil vere eit viktig tema ved regulering.<br>4. Teke til orientering. Av- og påkøyring frå fylkesvegen vil vurderast ved detaljregulering. | | | |
| 32 | Jan Morten Dale<br>Isdal 69<br>G/bnr. 185/3, 345<br>Dato 27.08.2019 | 1. Ønsker ikkje at området vårt vert nytta til pendlar/ innfartsparkering. Ønsker å utvikle området sjølv, viktig område for planane våre vidare. Har sidan 1970 nytta det til mellomlager og | 1. Teke til orientering. Arealføremålet er ikkje endra i KDP | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | oppstillingsplass av utstyr. | | | | |
| 33 | Statens vegvesen<br>v/ Kollektivkontakt/<br>planbestiller Ståle Furnes<br>Dato 23.08.2019 | 1. Har starta prosjektering til planlagt opparbeiding av bussnuplass/ bussbytepunkt på Soltveit Nordre g/bnr. 132/ 2, 5 og 2/11, 44, 102 (austsida av fylkesvegen). Ønsket er meldt inn av HFK og Skyss.<br>2. Mange av bussane, som betener Alversund og Hilland, køyrer utan passasjerar på strekninga Soltveit-Austmarka. Snuplass/bytepunk vil legge til rette for at bussar som skal betene Alversund og Hilland ikkje må køyre til Austmarka for å snu.<br>3. Ønsker at delar av LNF-område i kdp vert endra til t.d. kollektivanlegg, kollektivterminal el.l. Ønsker dialog om kor stort areal som bør settast av i arealdelen.<br>4. Sjå presentasjon av bussnusløyfe/ prosjektbestilling i innspelsbrevet. | 1. Teke til orientering.<br>2. Teke til orientering.<br>3. Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert ikkje teke til følgje. Arealet inngår i reguleringsplan for Alverstraumen kai. Har vore opna opp for å gje konkrete arealinnspel med høyringsfrist 14. september 2018. Innkomne innspel har vore gjennom grovsiling, samt konsekvensutgreiing av vidareførte innspel. Det er ikkje opna opp for å vurdere arealendring etter 1. gangs høyring av planforslaget.<br><br>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget. Ei 2. gongshøyring vil forseinke vedtak av planen. Det er eit sterkt ønske at planen vert vedteken i Lindås kommune.<br>4. Teke til orientering. | | | |
| 34 | Norsk Landbruksrådgiving Vest SA på vegne av grunneier Ove G. Hvidsten<br>gbnr 143/1 og 145/93<br>Dato 12.09.2019<br>Merknaden kom inn etter fristen. | BS-Vest As har avtale med grunneier til gnr 143/1 på Håland, Ove G. Hvidsten om etablering av en jordtipp på eiendommen. Vi ser nå i høringsutkastet at arealet ikke er satt av til formålet, og etter sigende skal det være hensynet til friluftsinteresser som var avgjørende?<br>Området som kan være aktuelt er i alt 85 dekar. Det er ikke nødvendigvis slik at hele området skal tas i bruk til jordtipp. Uansett burde dette være et "enkelt" prosjekt rent planmessig:<br>1. Enkel inntransport, rett av fra fylkesvei 57 og så 2 km på skogsvei gjennom utmark.<br>2. Ingen kulturminner eller rødlistearter, hverken på tippen eller langs veien.<br>3. Ingen spesielle miljøverdier som må tas hensyn til<br>4. Langt fra naboer, og kun utmark og beiter som ligger inntil tipp og vei<br>Vi ber derfor om at deler av gnr 143/1 og | Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje.<br>Innspelet er vurdert i konsekvensutgreiing(KU) og ikkje teke med i planframlegget. Vi helt fast på vurderingane som er gjort i KU.<br><br>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.<br><br>Innspelet komm inn etter merknadsfristen. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 145/93 tas inn i kommunedelplanen som område for jordtipp som vist i vedlegg, og i tråd med jordbrukssjef Kjartan Nyhammers innstilling.<br> | | | | |

## Offentlege innstansar

| Nr. | Avsender | Hovedpunkt i merknad/uttalelse | Forslagsstillers kommentar | Endringer | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | Kart | Bestemmelser | Beskrivelse |
| 1 | Avinor | Avinor har ingen merknader til kommunedelplanen | 1. Vert teke til orientering | | | |
| 2 | NVE<br>Motsegn | 1. NVE har motsegn (jf. PBL §5-4) til planen. Grunnlaget for motsegna er at potensiell skredfare mot byggeområde ikkje er tilstrekkeleg teke omsyn til i planen. Dersom Lindås kommune syter for å få innarbeide kjend kunnskap om potensiell skredfare i plankartet som omsynssoner, fell grunnlaget for motsegna bort. Motsegna er forankra i NVE rettleiar 2/2017<br>2. Vi saknar eit generelt krav i føresegnene om å gjere greie for fare for områdeskred av kvikkleire under marin grense i alle plan- og byggesaker.<br>3. I føresegnene er det sett ei dele- og byggegrense mot vassdrag på 25 meter. I høve til fare for flaum- og erosjon vil denne dele- og byggegrensa i dei fleste tilfelle vere nok langs bekkar | 1. Kjent kunnskap om potensiell skredfare er innarbeidd i plankartet, motsegn trekt i dialogmøte med FM 25.09.2019<br>2. Vert innarbeidd i føresegnene<br>3. Tatt til følgje, føresegn 2.6.1.<br>4. Føresegn vert vurdert, be om veiledning frå NVE.<br>5. Er endra i plankartet | X<br>X<br>X | X<br>X | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | med nedslagsfelt mindre enn 20 km2.<br>4. I føresegnene kapittel 2.9.2 har de fastsett nokre tema som tilhøyrande ROS analyse i ereguleringsplan skal ta utgangs-punkt i, og gjere greie for. Desse punkta er på langt nær tilstrekkeleg til å dekke dei tema som ROS analysen må omfatte. Føresegna må de utforme på ein måte som ikkje er, eller kan oppfattast som, avgrensande i høve til kva som er relevante tema ved utarbeiding av regulerings-planar.<br>5. Eksisterande og vedtekne større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar skal avsettast som omsynssoner (PBL § 11-8 d/H740) i plankartet. BKK si line Seim – Meland er ein del av regionalnettet. I planframlegget har de nytta feil omsynssone på lina. De må nytte H740 Bandlagde område i staden for H370 Fareområde. | | | | |
| 3 | Statens vegvesen Motsegn | 1. Statens vegvesen vurderer at planframlegget ikkje tek i vare forholdet til trafikktryggleik og framkome på vegnettet i stor nok grad. Våre motsegn er knytt til tre delområder:<br>• BN2 Hagalia<br>• BN3 Gjervik<br>• B7 Gjervik<br>2. Statens vegvesen meiner at kommunen i konsekvensutgreiinga har lagt for lite vekt på vurdering av vegtilknyting for areala som blir endra til bygge- og anleggsformål eller utbyggingsføremål i LNF- områda.<br>3. LNF spreidd bustad, på Kvamme og Indre Fosse. Vi meiner at i sentrale deler av kommunen bør ein ikkje nytte dette plangrepet, men heller legge til rette for mindre, regulerte bustadfelt. | 1. B7 Gjervik vert teke ut av planen, motsegn mot BN2 i Hagalia og BN3 i Gjervik vert trekt under forusetnad av at det vert innarbeidd rekkefølgjekrav knytt til infrastrukturtiltak (avklart i møte med Fylkesmannen 25. september 2019)<br>2. Vert teke til etterretning, vert følgd opp i byggesak<br>3. LNF spreid bustad på Kvamme, LNF 1 vert teke ut, på Indre Fosse vert rekkefølgekrav knytt til fv 404 skjerpa.<br>4. Areala lagt ut til til LNF-spreidd næring er små, presisering utover det som er gjort i planen er ikkje vurdert å være naudsynt.<br>5. Ikkje tatt til følgje – økonomiske motiv kan ikkje leggast til grunn for vurdering areal. Området skal utviklast til bufellesskap for ei gruppe bebuarar som ikkje har eit godt nok tilbod i kommunen i dag, å ta ut arealet frå planen vil forseinke planlegging og utbygging ytterligare.<br>6. Vert teke til følgje, SV1 – delar av BS1 og BN4 kan inngå i i detaljregulering av SV1 utan at det utløyser krav om regulering av heile sentrumsområdet.<br>7. Må vurderast frå sak til sak | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 4. LNF spreidd næring: Planen opnar for 7 områder avsett til landbruks-basert næring. Vi kan ikkje sjå av planomtalen at forventa omfang for dei ulike tiltaka er vurdert, sjølv om det er opna for tiltak utan plankrav.<br>5. Tenesteyting, område BOP1. Førebels line for tunnel går gjennom området, og grunna terrengformen er det uklart om det er tilstrekkeleg overdekning til at ein kan tilrå bustader her. Statens vegvesen har i dialog før offentleg ettersyn rådd ifrå føremålsendringa.<br>6. Vi ber om at Lindås kommune sikrar at føresegna vert utforma slik at Alversund bru kan regulerast utan å regulere heile område BS1 og BN4.<br>7. §2.3 Etter vår vurdering bør ikkje utbyggingsavtale nyttast i dei tilfella der det er trong for tiltak for å ivareta trafikktryggleiken, og der ulukkesrisikoen vil auke fram til tiltaka i rekkefølgjekrava er ferdig bygd.<br>8. §2.5.1 og §2.9.3 seier at kommunen skal godkjenne tekniske vegteikningar. Vi ber om at dette vert endra til «rette vegmynde».<br>9. §2.5.3 er rekkefølgjekrav knytt til fv. 404. Føresegna er uklart formulert og bør tydeleggjerast. Etter vår vurdering bør kommunen i tillegg ha rekkefølgjekrav som sikrar fortau også på strekningen nordover frå Kvamsvågen, i samsvar med gjeldande reguleringsplan for vegen.<br>10. fv. 404 nyleg har skifta vegnummer til fv. 5476.<br>11. BOP1 -Vidare meiner vi at føresegna knytt til området er for lite spesifikk, og ber om at kommunen sett føresegn som avgrensar potensielle bruksføremål, i samsvar med tiltenkt bruk.<br>12. § 3.4.3 LNF Spreidd bustad – Tilkomst | 8. Vert teke til følgje, føresegna vert endra<br>9. Vert teke til følgje, føresegna vert endra<br>10. Vegnummer på fv 404(ny fv 5476)vert retta opp i dokumenta.<br>11. Vert teke til følgje<br>12. Vert teke til følgje<br>13. Vert teke til følgje<br>14. LK er ikkje einig med SVV når det gjeld å opne opp for arealendringar innanfor bandleggingssona. Føresegnene sikrar at ikkje detaljreguleringsplan vert starta opp før KDP E39 er vedteken og aktuelle areal frigjevne. Bandleggingssona er svært omfattande og bandlegg store delar av regionsenteret, dette hindrar og forseinkar utvikling i den mest sentrale delen av kommunen.<br>15. Kartet er utforma i tråd med teiknereglar i kartforskrifta. Ny gang- og sykkeltrase vil bli illustrert i plandokumenta. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | skal vurderast av rette vegmynde.<br>13. § 3.4.6 LNF Spreidd næring - Ved endra bruk av ei avkøyrsle, frå landbruk til spreidd næring, må det søkjast etter veglova til rett vegmynde.<br>14. §4.2.2 Bandleggingssone etter anna lov, jf. pbl. § 11-8 d (H710) – E39-utgreiing. Statens vegvesen er negativ til at kommunen likevel opnar for arealendringar innanfor bandleggingssona.<br>15. Merknad til plankart. Statens vegvesen er positiv til at kommunen har markert raud-prikka liner for framtidig gang- og sykkeltrasé langs E39 og fv. 57 på Alverflaten. Linene er lite leseleg i plankartet, og bør synleggjerast betre. | | | | |
| 4 | Fiskeridirektoratet | 1. Fiskeriinteresser og marint biologisk mangfald<br>– Plankartet ; Vi ser positivt på at de har sett av registrerte fiskeområde, gytefelt og rekefelt som einkategori Fiske. Det er registrert eit korallrev nordvest for Tjuvholmen, sørvest for Radtangen. Vi ber om at plassering og omfang vert nærare undersøkt medHavforskningsinstituttet, som har registrert korallrevet. Behov for omsynssone bør fastsettast og vurderast etter nærare kontakt med HI.<br>2. I føresegnene § 3.5.8. Gyteområde og § 3.5.9. Trålfelt for reke må det heller stå at søknadar om tiltak i eller i nærleiken av felta skal leggast fram for Fiskeridirektoratet for uttale, ikkje fiskeridirektøren. Når det gjeld korallrevet nemnt ovanfor, kan dette leggast under omsyn naturmiljø(H560).<br>3. Akvakultur – Plankartet<br>Vi kan ikkje sjå at det er lagt på omsynssone rundt eksisterande | 1. Vert ikkje teke til følgje. Korallrev/omsynssone Tjuvholmen. Er det aktuelt å leggje inn ny omsynssone nå, utan ny høring?<br>2. Vert teke til følgje.<br>3. Rådmannen vil tilrå ikkje å ta innspelet til følgje, endring av føremål vil krevje ny høyring.<br>4. Rådmannen tilrår ikkje å ta innspelet til følgje; eksisterande areal for akvakultur/havbruk er vidareført i planen, og plantema er ikkje vurdert i denne temavise rulleringa av arealdelen til kommuneplanen. Konsekvensane av eit eventuelt slikt tillegg til føresegna er difor ikkje vurdert og kan ikkje leggast inn. I intensjonsavtalen for Alver kommune ligg det inne at det skal utarbeidast ein landbruks- og akvakulturplan. Ny vurdering av dette tema vert difor lagt til planprosessar i Alver kommune. Merk og motsegn frå FM på dette punktet.<br>5. Ikkje teke til følgje<br>6. Feil i føresegnene, vert retta opp. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | akvakulturlokalitetar, slik det står i føresegnene. Korleis skal dette synleggjerast?<br>Elles framstår i utgangspunktet plankartet som tydeleg på kva områder som er sett av til akvakultur, men vi tykkjer det er vanskeleg å finne igjen føremålet kombinerte føremål akvakultur og farlei. Dette gjer seg kanskje ikkje gjeldande i denne kommundelplanen, då det ikkje vert lagt opp til nye område for akvakultur i Knarvik-Alversund?<br>I denne kommundelplanen gjer dette seg gjeldande for område sett av til akvakultur på lokaliteten Ramsvik. Området i arealplanen som er sett av til akvakultur stemmer ikkje med tillatelsen til anlegget. Dette bør justerast slik at den faktiske plasseringa til anlegget ikkje vert liggande utanfor område satt av til VA. Vi minner også om at fortøyingar ofte strekk seg utanom område sett av til akvakultur.<br>4. - Føresegnene<br>Det bør framgå av føresegnene at fortøyingar til akvakulturanlegg/havbruksanlegg kan strekke seg utanom område sett av til akvakultur, men ikkje inn i område sett av<br>til einkategori fiskeområde.<br>Fortøyingar som strekk seg inn i reketrålfelt vil vere til<br>hinder for tråling.<br>5. Vi kan ikkje finne føremålet FAK (område med potensial for akvakultur) i plankartet. | | | | |
| 5 | Direktoratet for mineralforvaltning<br>Dato 16.08.2019 | 1. I følgje Noregs Geologiske Undersøking (NGU)1 finst det registrerte mineralressursar i | 1. Kart som viser lokalisering av førekomstane og skildring av forekomstene vert innarbeidd i planskildringa.<br>2. Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje. Å | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | planområdet. På Tveitøya finst ein punktregistrering av kleberstein, og ein registrering av jernmetall som kan settast i samanheng med registreringar på gården Remme på Alverstrømmen. I planområdet elles finst registreringar av kobber og jernmetal mellom Alverstrømmen og Furefjellet. Mineralressursar er ikkje-fornybare ressursar, som berre kan takast ut der dei finst naturleg. Regjeringas forventningar til regional og kommunal planlegging er mellom anna at fylkeskommunane og kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. DMF kan ikkje sjå at plandokumentane skildrar mineralressursane i planområdet, og ber kommunen skildre dei registrerte førekomstar i planlegginga av Knarvik-Alversund.<br>2. DMF anmodar vidare om at kommunen gjer ei vurdering av om førekomstane bør synleggjerast med omsynssone for å hindre at dei blir bygd ned og gjord utilgjengeleg for utvinning i framtida. | leggje inn ny omsynssone i plankartet vil kunne føre til ny høyring av planframlegget | | | |
| 6 | BKK | 1. Arbeidet med kommunedelplanen for Knarvik-Alversund må koordineres med pågående arbeid med områdereguleringsplan for Lonena. BKK Nett har bedt om at areal til transformatorstasjon avsettes i Lonena, og samme areal må i kommunedelplanen avsettes til samme formål.<br>2. I planens føresegner heter det | 1. Områdeplan for Lonena er nyleg vedteken(26.09.2019). Areal for transformatorstasjon er ikkje lagt inn i vedtatt plankart for Lonena områdeplan. Areal til transformatorstasjon må derfor løysast etter energilova. Det vert ikkje lagt inn nytt areal i KDP i strid med områdeplan.<br>2. Vert teke til orientering<br>3. Er innarbeidd i føresegn<br>4. Er innarbeidd i føresegn<br>5. Er innarbeidd i føresegn | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | under pkt. 3.2: «Der det går kraftleidningar med 22 kV eller lågare spenningsnivå gjennom byggjeområde skal jordkabel vurderast i samband med regulering og utbygging.»<br>BKK Nett vil i denne sammenheng minne om at omlegging av eksisterende luftledning til jordkabel fordrer at trasé kan fremskaffes og at kostnadene til tiltaket bekostes av den som rekvirerer omleggingen.<br>3. I føresegnene om faresone for høyspenningsanlegg (H370) er det angitt at at sonen «markerer faresona». BKK Nett vil påpeke at det langs kraftledninger gjelder byggeforbud, jf. Forskrift om elektriske forsyningsanlegg § 6-4. Vi vil derfor be om at bestemmelsen gis et tillegg om at det under og nært ved høyspenningsanlegg ikke må iverksettes tiltak som strider mot bestemmelsene i Forskrift om elektriske forsyningsanlegg, og at det nært ved høyspenningsanlegg ikke må gjennomføres tiltak, herunder bygging, sprenging, graving og utfylling, uten at anleggets eier har samtykket til tiltaket.<br>4. Under føresegnenes punkt 2.6.2 er det inntatt bestemmelser om byggegrenser mot eksisterende og nye nettstasjoner. Under dette punktet bør det også inntas bestemmelser om byggeforbud langs luftledninger.<br>5. Bestemmelsene inntatt for hensynssone H370, jf. merknad ovenfor, gjelder energianlegg som drives i medhold av | | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | anleggskonsesjon med hjemmel i energiloven § 3-1, og energianlegg som drives i medhold av områdekonsesjon, er ikke inntegnet i plankartet. Forskrift om elektriske forsyningsanlegg og øvrige relevante bestemmelser gjelder imidlertid også kraftledninger med lavere spenningsnivå som drives i medhold av områdekonsesjon, jf. energiloven § 3-2. Vi henstiller derfor om at bestemmelser knyttet til disse inntas som generell bestemmelse i plan-føresegnene. | | | | |
| 7 | Bergen kommune, Byrådsavdeling for byutvikling,<br>Dato 23.08.2019 | 1. Bergen kommune viser til Lindås kommune sitt grundige arbeid med kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031. Bergen kommune ser på det som viktig å styrke det regionale samarbeidet innafor areal- og transportpolitikken. Bergen og Lindås er ein del av den same arbeids- og bustad-marknaden. Dette er også bakgrunnen for ønsket om å utvide byvekstavtalen for Bergen til å inkludere Lindås og andre nabokommunar i det funksjonelle byområdet.<br><u>Positivt at:</u><br>• mesteparten av bustadreserven er lagt til region-/kommunesenter og nærsentera i Lindås kommune.<br>• bustadbygginga vert prioritert i sentrums-områda, og der kollektivtilbodet er godt slik som kommunedelplanen legg opp til<br>• godt tiltak å legge til rette for fleire lokale arbeidsplassar | 1. Merknaden vert teken til orientering | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 8 | Fiskarlaget vest<br>Dato 27.08.2019 | 1. Fiskarlaget Vest vil peika på at fiskeri og akvakultur har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal.Havbruksnæringa har behov for nye/større lokalitetar, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde i forhold til andre interesser. Fiskerinæringa er i tillegg heilt avhengig av eit reint hav, mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Dette skil fiskerinæringa frå dei fleste andre næringar som utnyttar hav- og sjøareal. «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.<br>2. Me registrerer at dei registrerte fiskeområda o.l. i plankartet ikkje er i tråd med Fiskeridirektoratet sitt kart. Me ber om at reketrålfelta, gyteområde og område for bruk av passive reiskap blir inkludert i tråd med Fiskeridirektoratet sine registreringar.<br>3. Oppdrettsanlegget Ramsvik ser ikkje ut til å vere samsvarande mellom kommunedelplankartet og Fiskeridirektoratet sitt kart<br>4. Føresegnene; 2.7.4 Mellombelse og flyttbare konstruksjonar. Slike bygningar, konstruksjonar og anlegg må heller ikkje plasserast slik at dei ligg til hinder for utøving av fiske.<br>5. 1. Naust d) «Badeplassar og stiar/tilkomstvegar til sjøen skal ikkje byggjast ned» Det kan eksistere andre eigna område for stiar ned til sjø enn dagens. Dette åleine bør ikkje vere til hinder for bygging av naust.<br>e) Gjerne avgrense størrelsen på bryggje/pir, spesielt for fritidsnaust. Yrkesfiskarar må kunne byggje naust på eigen eigedom utan regulerings-plan. | 1. Vert teke til orientering<br>2. Vert ikkje teke til følgje, endring av føremål krev ny høyring , endringar i plankartet må gjerast i Alver kommune<br>3. Vert ikkje teke til følgje, endring av føremål krev ny høyring , endringar i plankartet må gjerast i Alver kommune<br>4. Vert innarbeidd i føresegn<br>5. Føresegn vert ikkje endra, tilkomst til sjø for ålmenta er eit viktig omsyn å ta i utbygging av sjønære areal.<br>6. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 6. Småbåtanlegg<br>Me ynskjer å presisere viktigheita av miljøvenlege småbåtanlegg og hamner, og ynskjer at<br>dette blir inkludert i føresegnene jf. dei generelle merknadene.<br>7. 3.5.1 Generelt «Hovudføremal og underføremal er ikkje til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur ...». Fortøying av akvakulturanlegg må ikkje vere til hinder for fiske i registrerte fiskeområde på Fiskeridirektoratet sine kart, jf. m.a uttala i høve Ramsvik og reketrålfeltet.<br>8. 3.5.2 Fiske. Fiskarlaget Vest ynskjer og å ha slike saker til høyring.<br>9. 3.5.3 Havbruk/Akvakultur<br>Fiskarlaget Vest ynskjer g ha slike saker til høyring. «Område med potensial for akvakultur. ..» består av områder utanfor planområdet til denne planen. Desse må fjernast frå føresegnene.<br>10. 3.5.4 Friluftsområde. Det må vere tillate å bruke området til fiske.<br>11. 3.5.7 Småbåthamn. Ynskjer igjen å presisere viktigheita av miljøvenlege småbåtanlegg og -hamner, og ynskjer at dette blir inkludert i føresegnene.<br>12. 3.5.8 Gyteområde og 3.5.9 Trålefelt for reke. Søknadar skal leggjast fram for Fiskeridirektoratet region vest, ikkje fiskeridirektøren. Fiskarlaget Vest ynskjer og å motta slike søknadar. | | | | |
| 9 | Bergen og Omland Farvannsforvaltning<br>Dato 09.09.2019 | 1. Det ligger til kommunens myndighet å ta stilling til ønsket arealbruk for området, vi presiserer imidlertid at det er viktig at det settes av tilstrekkelig areal til alminnelig ferdsel til sjøs. Generelt er vi av den oppfatning at det ikke bør settes av større | 1. Teke til orientering. Funksjonell strandsone har vore rettleiande for arbeidet med kommunedelplanen.<br>2. Blir teken til følgje.<br>3. Blir teken til fjølgje.<br>4. Fiskeridirektet er høyrt i saka. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | arealer i sjø til enkeltinteresser enn det som er nødvendig.<br>2. Plankartet viser ikke konkrete tiltak, vi ber derfor om å få tilsendt tegninger når disse er ferdig utarbeidet.<br>3. Det går imidlertid en biled gjennom store deler av planområdet. Vi ber om at planforslaget oversendes Kystverket som rette myndighet for behandling iht. havne- og farvannsloven (hfl.) av 17.04.09 nr.19 §§ 7 annet ledd og 27 annet ledd.<br>4. Videre gjør vi oppmerksom på at det er registrert fiskeriinteresser (Fiskeplasser aktive- og passive redskap samt akvakulturflater) i planområdet. Fiskeridirektoratet bør høres i saken. | | | | |
| 10 | Kystverket<br>Dato 17.09.2019<br>Kystverket vart varsla 30.08.2019, med bakgrunn i sein varsling vart uttalen motteke etter høyringsfristen. | 1. Sjå karta i innspelsbrevet, som viser farlei og areala staten v/ kystverket har mynde.<br>2. Det er relativt stor trafikk i den indre kystleia som inngår i planområdet. 1.1.2018-31.12.2018 er det 2740 passeringar med AIS nord for dagens bru.<br>3. Kystverket tar ikkje stilling til kva type bru som er mest føremålstenleg, men vi set krav om ei seglingshøgde på minimum 28 meter på høgaste astronomiske tidevann (HAT), for ny bru over Alverstraumen. Det er og viktig at seglingslaupet (horisontal klaring) ikkje snevrast inn ved ny bru.<br>4. I anleggsfasen må ein leggje til rette for at sjøtrafikken kan nytta farleia i så stor grad som mogleg. Ny bru må kunna byggast, og eksisterande bru må kunne fjernast, utan at farleia vert stengd i lengre periodar.<br>5. Det er viktig med god dialog med | 1. Teken til orientering.<br>2. Teken til orientering.<br>3. Teken til orientering. Skal tas til følgje ved regulering.<br>4. Teken til orientering. Skal tas til følgje.<br>5. Teken til orientering. Skal tas til følgje.<br>6. Teken til følgje<br>7. Teken til følgje<br>8. Teken til orientering. I 2020 blir Lindås, Meland og Radøy kommunar til Alver kommune. I følgje intensjonsavtalen til Alver kommune, skal det prioriterast å utarbeide ein kystsoneplan.<br>9. Teken til følgje<br>10. Teken til orientering. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Norled som har passasjertrafikk i sundet. Tiltak må kunngjerast, og i god tid meldas til Kartverket sin sjødivisjon for kunngjering i Etterretninger for sjøfarende (Efs).<br>6. Kommunane si arealplanlegging skal sikre tilstrekkelig areal til trygg segling og manøvrering for sjøtrafikken, og det må takas omsyn til farleiene i kommunen sitt sjøareal. Som eit minimum må farleistreka inn i plankartet. Farlei-streka (raude eller blå stripla linjer) er forskriftsfesta i Forskrift om farleder (FOR-2009-11-30-1477).<br>7. For å trygge ferdsla i sjøområda kan det verta behov for nye anlegg til navigasjonsinstallasjonar, og eksisterande anlegg treng fornying og vedlikehald. Vi ynskjer at det vert gitt ein generell aksept for etablering av anlegg til bruk av navigasjonsinstallasjonar ved at det vert tatt med i føresegnene til planen. Innspel til føresegnene: «Det er tillate med nyetablering og vedlikehald av navigasjonsinstallasjonar jf. plan- og bygningslova §1-8, fjerde ledd og §11-11 nr.4».<br>8. Det er viktig med dialog med nabokommunar i arealplanlegginga. Det bør vere samsvar i arealføremåla inn mot nabokommunen sitt sjøområde. Dette gjeld særlig i fjordar der kommunegrensa går i fjorden, og kor dette har verknad for arealbruken.<br>9. Der fiskeriinteresser ligg i farvatn som også har status som farlei må kommunen bruke kombinert arealformål «Farlei/Fiske».<br>10. Syner elles til vår uttale, datert 12.7.2019, til kommuneplanen sin arealdel 2019-2031. | | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 11 | Hordaland Fylkeskommune | **MOTSEGN, vedtakspunkt 10 :**<br>a) Planframlegget har ikkje god nok sikring av dei nasjonale og regionale kulturminneverdiane i Isdal. *Motsegn fell bort når ein legg inn ein omsynssone c (SOSI-kode H570) med retningsliner som sikrar at verneføremåla til kulturminne og kulturmiljø vert ivaretеke.*<br><br>b) Område som er bandlagt etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkelig integrert i føresegner. *Motsegn fell bort om det vert knytt føresegner til områder bandlagt etter kulturminnelova.*<br><br>c) To område definert som LNF-spreidd i § 3.4.7 inneheld registrerte automatisk freda kulturminne. Føresegna knytt til arealføremålet opnar opp for tiltak som ikkje kan samordnast med tilstrekkeleg vern av kulturminna på eigedomane. *Motsegn fell bort om arealføremål LNF vert vidareført i ny kommunedelplan for eigedomane med automatisk freda kulturminne.*<br><br>d) Område definert som LNF-spreidd i § 3.4.7, med unntak av dei nemnd i punkt c), må reduserast. Dei aktuelle områda er lista opp i saksutgreiinga. Motsegn fell | Vedtakspunkt 10:<br><br>a) Omsynssone c(SOSI-kode H570) er lagt inn i plankartet i Isdal<br><br>b) Er innarbeidd i føresegnene: *§ 4.2.1 under kulepunkt kulturminner er: Automatisk freda kulturminne vist som omsynssone d) (SOSI-kode H730) er bandlagt etter kulturminnelova. Det er ikkje tillate å sette i gong tiltak som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei automatisk freda kulturminna eller framkalle fare for at dette kan skje. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Hordaland fylkeskommune, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8*<br><br>c) Motsegn er svart ut i føresegn 3.4.7<br><br>d) Motsegn er svart ut i føresegn 3.4.7 | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | bort når byggeområdet blir meir i tråd med føresegna sitt føremål og innskrenka til å gjelde eksisterande hus/hytte med opparbeida hage. *Eventuelt må arealføremål LNF vidareførast.*<br><br>**Vedtakspunkt**<br>3. Bustadområde B6 Langheiane og B7 Gjervik bør takast ut av planen.<br>4. Rår til at det vert klargjort i planskildring og føresegner kva den vide avgrensinga av sentrumsutstrekning skal nyttast til. Ei tydeleg avgrensing av sentrum er viktig for å få lokalisert publikumsintensive aktivitetar og kompetansearbeidsplassar sentralt i regionsenteret.<br>5. Rår til at N2 Hagalia vert tatt ut av planen og at ein søker å etablere denne typen verksemd i sentrum av Knarvik.<br>6. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner kommunen har innarbeidd den regionale føresegna for handel i kommunedelplanen, gjennom at detaljhandel utelukkande er knytt til sentrumsføremålet i planen.<br>8. Nytt næringsareal N1 Galteråsen er delvis i konflikt | Vedtakspunkt<br>3. Vert teke delvis til følgje, B7 vert teke ut<br>4. Sentrumsavgrensing og avgrensing av regional vekstsone er innarbeidd i framlegg til planstrategi for Alver kommune,  rolleavklaring i høve til regionsenter og nærsenter | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | med nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv dersom det vert bygd i sin heilskap. Arealet bør verte avgrensa for å ta omsyn til desse verdiane.<br><br>9. Rår til/ber om at føresegnene vert utforma slik at Alversund bru kan regulerast utan å regulere heile område BS1 og BN4.<br><br>Særskilte merknader i høve kulturminneinteresser, vedtakspunkt 11:<br><br>a. Ber om at ein under punkt 4.1.5 i føresegn og retningsliner tek med ei formulering om at saker som gjeld tiltak i omsynssone H570 skal sendast til fylkeskommunen for vurdering av kulturminneinteresser. Forslag: «Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser.»<br><br>b. Føremål KU_N3 Næring – Gjervik vil føre til tap av kulturminneverdi, då dei planlagde nye voluma ikkje tek opp i seg området sin karakter med bustader og gardsbruk, og rår difor til at området held fram som eksisterande | | | | |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | arealføremål LNF.<br>c. Ber om at nye tiltak innafor LNF_SN6 LNF- spredt næring som parkering og vegtilkomst ikkje får ei utforming som er i konflikt med det viktige samla kulturmiljøet på Isdalstunet.<br>d. Ber om at det takast særskilt omsyn til kyrkjestaden Alversund kyrkje, Den Indre Farleia og det samla kulturmiljøet på staden ved føreslåtte tiltak i KU_N4 Alversund.<br>e. Ber om at ein for ny Alversund bru, sentrumsføremål_BS1 og vegføremål_SV1, tar særskilt omsyn til omgjevnadene og kulturminneinteressene i området ved planlegginga og tiltak knytt til arealføremåla, dette gjeld særleg for tilpassing, utforming og skala.<br>f. Område vist som LNF spreidd bustad LSB er i dag landbruksføremål, og er i planen føreslege som LNF spreidd bustad (LSB) utan krav om regulering ved etablering av inntil 4 bueiningar. Rår til at det vert stilt krav om regulering i dei aktuelle områda, eller at ein i § 3.4.3, konkret visar til | | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | undersøkingsplikta i § 2.8.<br><br>g. Område vist som LSN spreidd næring (LSN) er i dag landbruksføremål og er planforslaget føreslege som LNF – spreidd næring (LSN) utan krav om regulering ved etablering tiltak. Rår til at det vert stilt krav om regulering i dei aktuelle områda, eller at ein i § 3.4.6 konkret visar til undersøkingsplikta i § 2.8. | | | | |
| | Mattilsynet, Region Sør og Vest, avdeling Bergen og omland 20.09.2019 | 1. Kommuneplanen sin arealdel – Føresegner og retningsliner. Trygt drikkevatn er særs viktig for alle. Vi vil difor gje honnør for at de har laga retningsliner både for drikkevasskjelder og nedslagsfelt. Etter vår vurdering er dette i samsvar med krav i drikkevassforskrifta. | 1. Vert teke til orientering, det er ikkje drikkevasskjelder i planområdet til KDP, gjeld kommuneplanens arealdel. | | | |
| 12 | Fylkesmannen i Vestland | **Statleg samordning**<br>I denne saka har Fylkesmannen motteke varsel om motsegn frå NVE og Statens vegvesen (SVV), der det er peika på at deler av planen kan stride mot statlege omsyn.<br>NVE sitt dialogpunkt. NVE informerte om at kommunen har retta opp planen slik at det ikkje lenger er naudsynt å fremje motsegn.<br>SVV sine dialogpunkt. Kommunen | Motsegn er svart ut i brev | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | informerer om at dei tar ut B7 Gjervik, men at dei meiner at både BN2 Hagalia og BN3 Gjervik er viktig for næringslivet i Lindås. Det vart diskutert om ein kan leggje inn eit rekkjefølgjekrav om at trafikale løysingar må vere på plass før ein kan starte på ein reguleringsplanprosess. Det vart til slutt semje om at det skal leggast inn naudsynte omsynssone i planen for å sikre at dei trafikale løysningane vert gode nok.<br>**Fylkesmannen si vurdering**<br>Vi oppfattar planen som godt gjennom-arbeida og målretta.<br>*LNF-spreidd eksisterande*<br>Bruk av liste for eksisterande bustader i LNF som skal ha status som LNF-spreidd vart diskutert. Det vart gjort klart at strandsoneinteressane på dei aktuelle eigedomane som ligg i strandsona ikkje er avklart. Det vart semje om at det må inn eit føresegn om at det er krav om dispensasjon frå pbl. § 1-8, før ein kan byggje her. Strandsoneverdiane på desse eigedomane er ikkje vurdert og vurderingane om dispensasjon skal vurderast like strengt som om det var ordinært LNF-formål.<br>*Kyststi*<br>Forholdet mellom terrenginngrep og samanhengande turveg vart diskutert. Det vart semje om at ein må ta inn eit klart plankrav på kyststien, slik at terrenginngrep i strandsona kan vurderast.<br>*Byggegrense mot vassdrag*<br>Det vart semje om at byggegrensen til vassdrag ikkje kan vere 0 meter. Kommunen skal legge inn byggjegrense i byggjeområda.<br>*Vurdering av risiko- og sårbarheit i* | | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | *byggjesaksfasen*<br>Det vart semje om at kommunen skal handtere all risiko og sårbarheit på siste plannivå. Dette vil si at risiko og sårbarheit i LNF-spreidd områder utan plankrav må handterast i denne planen.<br>*Vidareføring av eldre reguleringsplanar uendra*<br>Kommunen må enten ikkje nytte omsynsone for vidareføring av gjeldande reguleringsplanar eller så må alle reguleringsplanar med denne omsynssona vurderast opp mot nasjonale og regionale interesser jf. pbl § 11-8 f. Desse vurderingane må visast i plandokumenta.<br>*Føresegnene*<br>Fylkesmannen sine viktigaste merknader til føresegnene vart gjennomgått og vi oppfatta at kommunen var samd med at det er naudsynt å rette opp føresegnene på desse punkta. Dette gjeld særleg føresegn som gjeld unntak frå krav om reguleringsplan. Vi viser vidare til vurdering av føresegnene lengre oppe i uttalen, der Fylkesmannen meiner at fleire av føresegnene er ugyldige i den forstand at dei saknar lovheimel. På dette punktet er vi opne for ein vidare dialog.<br>*Til slutt vart dei konkrete områda diskutert:*<br>B6 Langheiane: Kommunen forklarte at dei ynskja dette bustadområda for å kunne tilby billigare bustader til vanskelegstilte. Det vart semje om at dette området kan få bustadformål.<br>B7 Gjervik: Det var semje om å ta ut området<br>LSB 1 Kvamme: Det var semje om å ta ut området<br>LSB 2 Indre Fosse: Det var semje om at dette området er greitt.<br>BN1 Galteråsen: Friluftinteressane vart diskutert. Det var semje om at området vert redusert ved at trekant som går inn i | | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | omsynssone friluftsliv vert tatt ut.<br>LSN3 Tveiten : Det vart semje om at det ikkje skal omdisponerast dyrka mark.<br>BAB i Kvamsvågen i Tveitneset: Det vart semje om å ta ut det sørlege området i Kvamsvågen. | | | | |
| 13 | Bergens Sjøfartsmuseum | Saka har igjen vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Det finst kjente kulturminne i sjø i planområde.<br>Me vise forøvrig til oppmodningane gitt i uttale av 2017:<br>1. å sørgje for at planlagde områdedisponeringar som omfattar sjøareal har en klausul i kommunedelplanens forskrifter om at de skal utredes med regulerings- eller byggeplan, og dermed lagt fram for museet for uttale via fylkeskommunen.<br>2. å sørgje for at kommunedelplanens føresegn har eit påbod om at alle planlagde enkelttiltak som skal utførast i sjø skal leggjast fram for Bergens Sjøfartsmuseum for uttale via fylkeskommunen. | 1. Vert teke til følgje<br>2. Vert teke til følgje | | | |
| 14 | | | | | | |

# Interne innspel, Lindås kommune

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 15 | Norconsult AS v/ Magnus Reiakvam, på vegne av Teknisk drift i Lindås kommune<br>Dato 27.08.2019 | 1. Angåande avsetting av areal til framtidig avløpsreinseanlegg på Kvassneset, med tilhøyrande tilkomstveg: Forprosjektet til avløpsreinseanlegget på Kvassneset er under arbeid. Arealet sett av til «andre typar | 1. Rådmannen rår til å ikkje ta innspelet til følgje. Har vore opna opp for å gje konkrete arealinnspel med høyringsfrist 9. mars 2018. Det er ikkje opna opp for å vurdere arealendring etter 1. gangs høyring av planforslaget.<br>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget. Ei 2. gongshøyring vil forseinke vedtak av planen. Det er eit sterkt ønske at planen vert | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | bygningar og anlegg» på Kvassneset er for lite.<br>2. Vil vere behov for eit tomteareal på 8-10 daa (basert på erfaringar frå tilsvarande reinseanlegg). Må settjast av naudsynt tilleggsareal for tilkomstveg til anlegget, på grunn av høgdeskilnad mellom eksisterande veganlegg og reinseanlegget.<br>3. Legg fram eit areal på 16 daa, som skal inkludere reinseanlegg, tilkomstveg, snuareal, parkering, utomhus- og grøntareal (sjå kart i innspelsbrevet). Med tilstrekkeleg areal står ein friare for å utforme og byggje eit funksjonelt reinseanlegg.<br>4. Uteområdet ved reinseanlegget er tenkt opparbeida med universell utforming som ei forlenging av den grøne aksen gjennom Knarvik, slik at det vert tilkomst ned til grøntområde langs sjøen. Ein tek sikte på å byggje ein promenade langs sjøkanten slik at strandsona kan brukasttil friluftsliv. | vedteken i Lindås kommune.<br>2. Sjå punkt 1.<br>3. Sjå punkt 1.<br>4. Teke til orientering. Sjå punkt 1. | | | |
| 16 | Lindås kommune<br>VA-avdelinga | 1. Planlagt jordtipp på G/bnr. 137/2 kjem i konflikt med hovudleidning for vatn. I Vassleidninga ligg i store delar av året under vatn. Kan derfor bli problem ved eventuell skade på vassleidning.<br>2. Grunneigar ønsker å ta kostnad ved å etablere ny trasé for vassleidning, slik at ny trasé ikkje kjem i konflikt med planlagt jordtipp. Dette er ei god løysing for kommunen – får ein betre løysing mtp drift og vedlikehald.<br>Har avtalt med grunneigar at kommunen kan ta kostnadar med røyr og røyrleggar. | Etter innspel frå VA-avdelinga i LK vart del av arealinnspelet teke ut av planen slik at denne ikkje skulle komme i konflikt med vassleidning<br><br>Rådmannen rår til at innspelet ikkje vert teke til følgje.<br>Innspelet vert ikkje teke til følgje.<br>Det er ikkje opna opp for å vurdere arealendring etter 1. gangs høyring av planforslaget.<br><br>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget. Ei 2. gongshøyring vil forseinke vedtak av planen. Det er eit sterkt ønske at planen vert vedteken i Lindås kommune. | | | |